

## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkesutvalet, 26. februar

### Reglementet for dei folkevalde sine arbeidsvilkår – innføring av rutinar

Fylkestinget vedtok endringar i reglementet for dei folkevalde sine arbeidsvilkår i sak 5/13.

Pkt. 4.1 tredje og fjerde ledd lyd etter endringane slik:

«Ved deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte mv. som vert arrangerte av andre enn fylkeskommunen, vert det ikkje betalt møtegodtgjersle, men det vert gitt vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle.

Deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte mv., skal vera avtala og godkjent av fylkesordførar eller utvalsleiar.»

Fylkestinget sitt vedtak medfører at det bør innførast viss rutinar når det gjeld deltaking på tilskipingar som vert arrangerte av andre enn fylkeskommunen.

Etter samråd med fylkesordføraren gjer eg framlegg om følgjande rutinar:

- ✓ Fylkesutvalet/hovudutvalet får i møta opplyst kva for deltaking som er godkjend.
- ✓ I etterkant må deltakar rapportere kort til fylkesutvalet/hovudutvalet ved å sende ein enkel e-post til utvalssekretæren. E-posten vil så bli lagt fram for utvalet i neste møte, til orientering og for ev. kommentarar/drøftingar («Skriv og meldingar»).

Ein slik rutine vil og kunne vere nyttig/ryddig ved handsaming av tilhøyrande reiserekningar.

Fylkesrådmannen ber om ev. merknader til at fylkeskommunen innfører slike rutinar.